



AUSTEVOLLSKULEN

2019 - 2025

Revidert plan

Kvalitetsplan for
grunnskulen 2019-2025
motivasjon – meistring -
medverknad

Vedteken i kommunestyret i Austevoll
18.06.19
Sak061/19

Læring og trivsel
for alle

Føreord

Ny plan for grunnskulen - motivasjon – meistring-medverknad – er ein oppfølgingsplan etter kvalitetsplanen «Austevollskulen 2015 – 2018. Kvalitet og utvikling». Planen skal sikra kvalitet og likeverdige opplæringstilbod i Austevoll 2019-2025.

Visjonen har sidan starten vore «Læring og trivsel for alle». Skulane i Austevoll skal vera trygge og fremja læring for alle elevar.

I løpet av 2020 framstår alle skulane som moderne skular der elevar og lærarar i fellesskap utviklar og leverer kvalitet på alle område. Det vil seia at skulen skal innrettast slik at barn og unge får kompetanse til å meistra livet og bli ein deltar i samfunns- og arbeidsliv. I tillegg til læring i fag, skal skulane rusta elevane til å møta framtida.

Som kommunalsjef er eg oppteken av livslang læring og god folkehelse. I vår kommune skal vi arbeida saman for eit godt, trygt og inkluderande læringsmiljø. Vi må jakte på kva som fremjar læring, og vere oppdatert på nyare forsking på området. Vi har alle eit ansvar i å vere gode rollemodellar, vi må også våge å utfordre kvarandre for å vidareutvikle oss. Vi er alle på ei livslang reise – som er og vil bli prega av oppturar og nedturar. Vi må difor aldri slutte å heie på kvarande, gje støtte og vere medmenneske. Vi har alle eit medansvar for å lukkast med å nå dei ulike måla som er satt for skulekvardagen og elevane si læring.

Liv Margreth Østervold

Kommunalsjef oppvekst



Innleiing

Satsingsområda i den reviderte planen er

- *Heilskapleg læringsmiljø*
Under dette punktet ligg *eit trygt og godt læringsmiljø, livsmeistring, folkehelse og berekraft*
- *Motivasjon for læring*
Dette er delt inn i punkta *meistring, medverknad og motivasjon for læring*
- *Vurdering for læring*
som også var med i førre plandokument

Heilskapleg læringsmiljø

Status 2019

Eit trygt og godt læringsmiljø

- Alle tilsette jobbar for eit trygt og godt miljø. Mange elevar trivst, men det er framleis utfordringar knytt til å skapa eit trygt miljø for alle elevar

Livsmeistring

- Lærarane er dei som er tett på elevane i det daglege, og er særsviktig for å læra elevane å meistra medgang og motgang. Skulane har rutinar for elevsamtal og utviklingssamtalar. Ein samarbeider med heimen, og etter behov med PPT og andre instansar
- Elevane sin daglege omgang med kvarandre i leik og samarbeid er viktig for utvikling av sosial kompetanse og livsmeistring
- Ungdomsskulen nyttar programmet MOT med eigne MOT-lærarar og barneskulen gjennomfører programmet Zippy's venner på 1.-4. trinn
- Storebø skule har prøveprosjekt med programmet «Passport» som er ei vidareføring av Zippy's venner for 5.-7. trinn
- Helsejukepleiar er til stades på skulane med fast kontortid
- Barne- og ungdomspsykolog har hatt lavterskelttilbod på skulane når me har hatt dette i kommunen

Folkehelse og berekraft

- Elevane på barneskulen startar dagen med «Fysak», organisert fysisk aktivitet på tvers av klassar, fleire dagar i veka
- Det er skulelunsj frå 4. – 10. trinn med foreldrebetaling
- Skulane arrangerer årlege idrettsdagar og turdagar
- Skulane bidreg årleg i strandrydding, besøker SIM på 4. trinn og har elles ulikt, men ikkje systematisk fokus på berekraft

Nye målsetjingar:

- Styrka kompetanseutvikling på læringsmiljø, klasseleiing og jobba for eit inkluderande miljø på alle skular
- Tettare samarbeid mellom ulike yrkesgrupper i skulen
- Skulelunsj på alle trinn
- PPT får fast trefftid for tilsette på skulane, ikkje berre administrasjon og spes.ped.-ansvarleg
- Integrera fleire fysiske aktivitetar i alle fag
- Inkludera skulane i Austevoll kommune sin plan om plastfri kommune¹ 2025. Utarbeida eigne berekraftprosjekt på skulane

Korleis nå måla - kven har ansvaret?

Skuleeigar

- Setja rammer som gjer det mogleg å gjennomføra satsingane
- Ta avgjersler basert på forsking og empiri i vurderinga av ulike program til skulane
- Leggja til rette for systematisk samarbeid mellom skulane, PPT, skuleheletenesta og andre instansar

Skuleleiinga

- Fylgja opp satsingsprogram og peika ut ressurslærarar
- Gjennomføra interne evalueringar av program og tiltak ein nyttar
- Saman med PPT hjelpa skulane til å ivareta elevar med særlege behov

Lærarar og anna personale

- Ha rutinar for å fanga opp elevar som strevar, og om naudsynt visa dei vidare til PPT
- Delta i og setja seg inn i dei programma skulen satsar på
- Leggja til rette for fysisk aktivitet både i teoretiske og meir praktiske fag
- Melda frå til skuleleiing når noko ikkje fungerer

Motivasjon for læring

Status 2019

Motivasjon for læring

- Lærarar melder om ein del elevar som er umotiverte til skulearbeid. Elevane melder også om litt lav motivasjon for skulearbeid i elevundersøkinga.
- Austevollsskulen har ingen felles politikk på kva ein tenkjer om heimelekser. PPT og fleire lærarar har refleksjonar kring om dagens leksepraksis er den rette.

Meistring

- Lærarane ynskjer ei betre begynnaropplæring med eins praksis og god metodikk
- Det har dei siste åra vore styrking av lærartettleiken på dei lågaste trinna, med fokus på tidleg innsats i både lese- og rekneopplæringa
- Dobbelt så mange gutter som jenter tek i mot spesialundervisning
- Resultata på dei nasjonale prøvane i rekning og engelsk har gått opp dei siste åra. Lesing er framleis noko lågt, men det blir spanande å sjå dei siste åras tidlege innsats vil bera frukter
- Elevane gjer det betre i sidemålet (bokmål) enn i nynorsk
- Gode resultat på munnleg eksamen
- Gjennomsnittlege resultat på skriftleg eksamen og grunnskulepoeng. Dessverre har resultata vore nedadgåande dei siste to åra

Medverknad

- Lærarane er opptekne av å involvera elevane, men elevane melder sjølv at dei har begrensa medverknad til eigen skulekvardag
- Skulane har elevråd og ein lærar med ansvar for elevrådet

Målsetjingar:

- Alle elevane i Austevollsskulen skal trivast og læra på skulen
- Fleire elevar skal vera inkluderte i den ordinære klassen
- Laga ein plan for begynnaropplæringa der leikbaserte læringsaktivitetar er meir vektlagt enn i dag
- Jobba for å få gode, glade og engasjerte lesarar og skrivarar. Då må ein gje elevane tilgang på god litteratur
- Leksebevisst skule. Ta diskusjon

Korleis nå måla – kven har ansvaret:

Skuleeigar

- Prioritera tidleg innsats i budsjetta
- Styrka skulebiblioteka og særleg nynorsk barne- og ungdomslitteratur
- Motivera og leggja til rette for desentralisert kompetanseutvikling
- Søka om statlege midlar til skulebibliotek

Skuleleiing

- Fylgja opp resultata frå elevundersøkinga, og setja fokus på dei punkta der skulen har betringspotensial
- Fylgja opp og evaluera eksamensresultat både munnleg og skriftleg
- Leggja til rette for fag- og vurderingssamarbeid
- Jobba for ein inkluderande skule med minst mogleg bruk av spesialundervisning utanfor klassen
- Prioritera timer til skulebibliotek

Lærarar

- Fylgja opp elevundersøkinga i sin klasse
- Delta i fagsamarbeid og deling av god praksis.
- Jobba for at flest mogleg elevar kan vera inne i klassen
- Jobba for eit inkluderande klassemiljø der det er lov å prøva og feila
- Motivera elevane til lesing. Rett bok til rett elev.

Vurdering for læring

Status i 2019

- Elevundersøkinga viser at elevane si oppleving av *vurdering for læring* framleis ligg under nasjonalt nivå
- Det er i dag krav om skriftleg vurdering i engelsk, norsk og matematikk på mellomsteget. Dette blei innført politisk. Forsking viser at vurdering må vera knytt direkte til elevens arbeid om det skal ha effekt, og lærarane opplever det lite hensiktsmessig.
- Ungdomsskulen gjev skriftlege halvtårsverderingar i alle fag som del av undervegsvurderinga haust og vår.

Målsetjingar:

- Elevane skal få undervegsvurdering løpende og systematisk. Den kan bli gitt både munnleg og skriftleg, etter læraren sine vurderingar jf: opplæringslova². Kravet om skriftleg vurdering på mellomsteget fell vekk.
- Undervegsvurdering i fag skal i enda større grad brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i fag
- Alle lærarar skal kjenna seg trygge på vurdering for læring, og kunna bruka digitale verktøy som ein del av dette arbeidet.
- Alle elevar skal vita kva vurdering for læring er, og korleis ein kan arbeida med det i ulike fag og i den daglege omgangen med elevane

Korleis nå måla – kven har ansvaret?

Skuleeigar

- Definera vurdering for læring som eit vidare satsingsområde
- Setja av tilstrekkelege midlar til å kunne driva satsingsområdet



Skuleleiing

- Setja av tid i skulen si møtetid til arbeid med vurdering for læring
- Peika ut ressurslærarar innanfor ulike fag eller trinn
- Setja temaet lekser på dagsordenen og bli ein leksebevisst skule
- Ha oversikt over utstyr og læremiddel på skulen

Lærarar og anna personale

- Bidra med erfaringsutveksling og deling av god praksis
- Prøva ut ny programvare og nye innfallsvinklar til vurdering for læring
- Halda fram med bevisstgjering av vurdering for læring

Tiltaksplan

2019-2020

- Opplæring i didaktisk bruk av digitale verktøy
- Opplæring i læreplanane i fagfornyinga
- Evaluering av erfaringar med dei ulike innkjøpte programma for sosial kompetanse m.m.

2020-2025

- Skulane peikar ut eigne område frå planen som dei vil arbeida særskilt med. Anten *Heilskapleg læringsmiljø* eller *Motivasjon for læring*
- Alle skular held fram med *Vurdering for læring* som satsingsområde
- Utarbeida ein skulebibliotekplan. Søka statlege midlar til skulebibliotek
- Innføra skulelunsj for fleire klassar
- Utgrei korleis utvida skuledag/heildagsskule kan gjennomførast. Ev. gjennomføra pilotprosjekt
- Auka samarbeid med kulturskule, idrettslag og lokalmiljøet for å få fleire aktivitetar i SFO-tida eller rett etter skulen
- Halda fram satsing på vidareutdanning av lærarar

Tiltaksplan 2019-2020

Med utgangspunkt i nye målsettingar i plandokumentet vert tiltak konkretisert for skuleåret 2019-2020. Den konkrete tiltaksplanen skal bidra til å utvikla «Austevollskulen» i den retninga plandokumentet gir føringar for, på utvalte område i 2019-2020. Nokre av tiltaka er oppfølging av skisserte utfordringar som kvalitetsmeldinga for 2018 peika på. Dei omtalte områda var mobbing og lesedugleik. Det er kommunalsjef for oppvekst som er ansvarleg for oppfølging av tiltaksplanen.

1. Læringsmiljø

	Tiltak	Målgruppe	Tidsrom
1.1	Inkluderande skolemiljø Deltaking i det samlingsbaserte tilbodet IBS 2019: oppstart, fastsetja mål i satsinga 2020: Mobbingens psykologi, verktøy og tiltak, klasseleiring	Alle skulane	2019-2021
1.2	Lærande nettverk - arena for kollektiv refleksjon, organisert på tvers av skular og trinn	Alle skulane	2019-2021
1.3	Nye fagplanar	Alle skulane	2019-2020
1.4	Ressursteam oppvekst - Støtte og rettleiing til skulane i enkeltsaker knytt til åtferds- og mobbeproblematikk	Alle skulane	2019 ->
1.5	Elevmedverknad - Skulering i elevrådsarbeid - Medverknad i skuleutvikling	Elevråda Ungdomsrådet	2019 ->

2. Læringsresultat

	Tiltak	Målgruppe	Tidsrom
2.1	Vurdering for læring - Digitale verktøy som ein del av vurdering for læring	Alle skulane	2019-2021
2.2	Lokale planar for auka læringsutbytte: Lesedugleik - Aus usk: lesing i alle fag - Selbjørn: Leseopplæring – skulen sin plan - Storebø: Leseopplæring – skulen sin plan	Alle skulane	2019 ->
2.3	Nettverk for ressurspersonar IKT Kvalitetsutvikling i rekka av tiltak innan IKT - Ny handlingsplan IKT, Canvas, bruk av digitale læremiddel	Alle skulane Pedagogisk IKT-rådgivar	2019 ->
2.4	Nettverk begynnaropplæring - God fagleg og sosial skulestart	Alle skulane Rådgivar oppvekst PPT	2019-2020
2.5	Kompetanse for kvalitet - vidareutdanning for lærarar	Alle skulane	2019 ->

3. Livsmeistring og folkehelse

	Tiltak	Målgruppe	Tidsrom
3.1	Fråversproblematikken - utarbeida rettleiar til skulane	Alle skulane	2019 -2020
3.2	Gjennomføra evaluering av program og tiltak - Zippy`s venner - Passport - MOT	Alle skulane	2020

4. Kvalitetsarbeid

	Tiltak	Målgruppe	Tidsrom
4.1	Oppfølging skulebasert kompetanseutvikling IBS	Kommunalsjef Skuleleiing	Regelmessig gjennom året
4.2	Oppfølging prosjekt alternativ skuleleiing (rektor + avdelingsleiarar)	Kommunalsjef Skuleleiing	2019 ->
4.3			